

Landbruksavløysar og friidrettstalent.

17.07.2017



Abdul Ahad, stort friidrettstalent som ønskjer å arbeida på gard.

Vi har tidlegare skrive at dei 5 arbeidsvillige gutane i bufellesskapet på Stølen er svært interesserte i jobbar. Dei er svært takksame overfor alle som har gjeve dei små og større jobbar til no, men dei ønskjer endå meir å gjera. Jobbane har dei fått ved å skriva og levera søknader, publisera interessa på nettsida og hjelpe fra tilsette. Abdul Ahad har teke dette endå eit steg vidare.

Abdul Ahad(16 år) har erfaring frå arbeid på gard tidlegare. Særleg er han glad i å jobba med kyr. Dette har han lyst til å fortsetja med, og derfor sökte han på avløysarkurs. Teorien gjennomførte han i mai, og det gjekk fint. Då gjekk dei gjennom tema som dyrehelse og hygiene, mjølk og mjølkekvilitet der dei også hadde teknisk gjennomgang av mjølkeanlegg. Dei fekk vita om HMS i landbruket, og dei fekk vita kva forventningar bonden har til avløysarane. Dei var også på gardsbesøk.

No er Abdul Ahad i ferd med å gjennomføra praksisdelen i kurset. Han har vore fire gonger i Revuro Samdrift i Omvikdalen, men han skal til saman gjennomføra 12 mål før praksisen er ferdig. Etter det håper 16-åringen å få jobba som avløysar.

Litt gardsarbeid har han også hatt utanom kurset. 'Operasjon Dagsverk'-dagen var han på garden til Runar Myklebust, og der har han også vore nokre dagar i slåtten. Det synes han har vore veldig kjekt.

Friidrettstalent.

Abdul Ahad har også vist at han er eit heilt spesielt kasttalent. Den første som nemnde det for meg, var tidlegare friidrettsutøvar, Ståle Eik, som også dreiv med spydkast.

- Makan til kasttalent har eg aldri sett! Den teknikken og den krafta!, sa den gamle spydkastaren som har arbeidd med barn og ungdom heile sitt liv, etter at han hadde sett Abdul Ahad kasta stein. Han la til at den guten kunne ha drive det langt med skikkeleg trenings.

Då ungdomsskulane i kommunen møttest til friidrettsdag før ferien, beviste Abdul Ahad talentet. Han vann alle kastøvelsane kule, spyd og liten ball heilt suverent. Liten ball kasta han utrulege 85 meter. Kan det vera at 16-åringen sette ein Kvinnherad-rekord???

Desseverre er det vel ikkje noko friidrettsmiljø i kommunen som kan følgja opp eit slikt stortalent i kast?

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland